

ØYGARDEN KOMMUNE
Foldnesvegen 1
5354 STRAUME

Dykkar ref.:	Vår ref.:	Dato:
	Sak/dok.: 06/00972-108	28.09.2022
	Ark.: 326.12	

Vedtak i namnesak 2011/124614 – Kungvika/Kongvika – Øygarden kommune (tidl. Fjell)

Statens kartverk har i dag gjort vedtak om at eit stadnamn i Øygarden kommune skal skrivast slik:

- **Kongvika** (våg i sjø)

Vedtaket er gjort med heimel i § 7 tredje ledd i lov om stadnamn.

Bakgrunn

Kartverket vedtok skrivemåten *Kungvika* i ei namnesak i 2001. Seinare vedtok Fjell kommune skrivemåten *Kongvikvegen* som adressenamn. Kartverket klaga på vedtaket, og den 22.07.2005 vedtok Klagenemnda for stadnamnsaker skrivemåten *Kungvikvegen*. Algerøy Bygdelag bad om at klagenemnda vurderte saka på nytt, men dei fekk avslag i eit brev dagsett 13.06.2006. Fjell kommune bad like eins om at klagenemnda handsama vedtaket på ny i eit brev av 08.01.2007, men i eit svar frå 08.12.2010 syner dei til at saka er endeleg avgjort. Dei føreslo likevel at kommunen kunne venda seg til Kartverket og søkja om gjenopning av saka. Kommunen sende slik søknad til Kartverket den 11.03.2011 på grunnlag av ei grunngjeving frå Algrøy Bygdalag dagsett 08.02.2011. Kartverket stetta søknaden og sende saka den 30.05.2011 til Språkrådet for ny tilråding. Språkrådet gav ny tilråding i eit brev av 04.02.2016. Me beklagar at saka har teke lang tid.

Rettsleg grunnlag

Når ein skal fastsetja skrivemåten av eit stadnamn for offentleg bruk, er hovudregelen at ein skal ta utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen av namnet. Skrivemåten skal fylgja gjeldande rettskrivingsprinsipp i norsk, jf. § 4 fyrste ledd i lova. Skrivemåten skal vera praktisk og ikkje skyggja for meningsinnhaldet i namnet, jf. § 1 fyrste ledd. I *utfyllande reglar om skrivemåten av norske stadnamn* er det meir detaljerte reglar om korleis stadnamn skal normerast.

I tillegg må det takast omsyn til normeringspraksisen i området og skrifttradisjonen for namnet saka gjeld, og kva som er registrert i Sentralt stadnamnregister (SSR) frå før. Lokale ynske frå dei som har uttalerett skal òg spela inn. Det skal leggjast serleg vekt på ynsket til eigaren når saka gjeld bruksnamn, og skrivemåten som eigaren ynskjer, ligg innanfor regelverket.

Skrivemåten av slektsnamn skal ikkje påverka skrivemåten av stadnamn. Vedtak som gjeld skrivemåten av stadnamn, får heller ikkje fylgjer for skrivemåten av slektsnamn.

Uttale

Namnet er innlese med uttalen /kón`vi:ka/ i namnesamlinga på nettstaden Hordanamn. To avleidde namn er der innlesne med uttalen /kón`vi:kmy:ra/ og /kón`vi:kvèien/. Språkrådet skriv i tilrådinga si at dei har vore i kontakt med tre lokale informantar, og dei stadfester alle at namnet vert uttalt «Kongvikja» med trong o, ikkje som «Kångvikja».

Skriftradisjon

Kongsvik i gradteigskart frå 1942, 1958, 1962 og 1973 og i Norge 1:50 000 frå 1952, *Kongevika* i Norge 1:50 000 frå 1986 og 1995, *Kungvika* i Norge 1:50 000 frå 2002 og 2010, *Kongsvika* i økonomisk kartverk frå 1962, Kongeviken i sjøkart frå 1919 og 1932, *Kongsv^k* i sjøkart frå 1956, 1967 og 1980, *Kongevika* i sjøkart frå 1990 og 2000, *Kungvika* i sjøkart frå 2010.

Høyringsvar

Saka vart ikkje send på høyring etter at ho vart gjenopna i 2011, jf. § 13 fyrste ledd tredje punktum i forskrift om stadnamn: «Vedtaksorganet avgjer om ei sak som er opna på nytt, skal ut på ny høyring.» Kartverket valde i staden å senda saka direkte til Språkrådet for tilråding, der argumentasjonen frå kommunen i brev av 11.03.2011 og Algrøy Bygdalag i brev av 08.02.2011 kunne nyttast som nytt vurderingsgrunnlag utover den informasjonen som alt låg føre i saka frå før.

Algrøy Bygdalag kjem med fleire argument for skrivemåten *Kongvika* med o i brevet dagsett 08.02.2011. Språkrådet hadde tidlegare synt til at namnet *Kungvika/Kongvika* kunne koma av plantenamnet *kung* 'bergmynte, *Origanum vulgare*', jf. òg Mynteidet like ved, eit namn som kan koma av same plante. Bygdelaget har fått ei fråsegn frå biologar ved UiB som seier at plantesorten *kung* ikkje veks so langt ute ved kysten i dag, og dei meiner difor at namnet ikkje kan koma av det. *Mynteidet* meiner dei er ein feilaktig skrivemåte, for dei gamle på staden sa *Meteie*, som tyder *Midteidet*, og *Mynt-*, som er brukt i offentlege kart, må difor vera ein skrivefeil. Bygdelaget trur i staden at namnet kan koma av ordet *konge*, og at vika kan ha vore møtestad for ein leidangsflote, jf. at leidangen var ei kongeleg ordning. Dei syner til at ei kongesegn har levt på folkemunne på Algrøyna gjennom mange generasjonar, og at namnet alternativt kan ha utspring i dette. Dei viser òg til at det i bygdeboka *Fjell bygdebok* bd. 2, s. 563 står at Algrøyna kan ha høyrte til med i ei godssamling som kongen konfiskerte av ei hovding i Hordaland under rikssamlingsstridane, slik at namnet kan ha samband med det.

Etter at kommunen fekk det nemnde brevet frå Algrøy Bygdalag, gjorde dei slikt vedtak: «Fjell kommune står fast på klagen på skrivemåten for stadnamnet *Kungvika* i Algrøyna da namnevedtaket byggjer på feil vurdering av førsteleddet. Fjell kommune meiner rett offisiell skrivemåte skal vere *Kongvika*. Fjell kommune søkjar Statens kartverk om oppattaking av saka med grunnlag dei opplysningar Algrøy bygdelag har sendt inn. Skrivemåte for vegkode 1211 på Algrøyna vert fastsett til *Kongvikvegen* i samsvar med [det] endra primærnamnet.»

Tilråding

Språkrådet skriv at opplysningane Algrøy Bygdalag har fått frå botanikarar ved UiB om at *kung* ikkje veks so langt ute ved kysten, svekkjer namnetolkinga som vart lagt til grunn i den opphavlege namnesaka. Dei har fått opplyst frå Leif Algerøy at dei lokalt seier «konjen å drånninja» i staden for «kånjen...», og dei meiner difor at det ikkje kan utelukkast at førelekkjen i *Kungvika/Kongvika* er ordet *konge* m. Men dei skriv vidare at det då er naturleg å spørja seg kvifor det då ikkje heiter *Kongsvikja* med genitivs-s, jf. namnet *Kongsåsen* /koŋså:sen/ i same kommune. Dei legg likevel ikkje avgjerande vekt på denne manglande s-en.

Dei legg til at det ei ulempe med skrivemåten *Kungvika* at han kan leia til ein seiemåte med /u/ i førelekkjen. Å tilrå ein skrivemåte *Kóngvika* finn dei ikkje tilrådeleg. Språkrådet konkluderer med å tilrå *Kongvika* som skrivemåte.

Vurdering

Segna om sjøkongen som kom i land med mannskapet sitt i Kongvika er nok helst å rekna som ei sokalla forklaringssegn, dvs. ei forteljing som gjev ei folkeetymologisk forklaring på namnet, jf. at *Sekkingstad* etter den same segna skal koma av «Sjøkongstad» etter at kongen busette seg der, og at *Algrøyna* skal koma av 'all-grøna' fordi øya var grøn og frodig. Både denne segna og forklaringa om at vika har namn etter konge fordi øya kanskje var kongegods på 11-1200-talet er mest å rekna som kuriositetar, og har lite truverd når det gjeld å tyda stadnamnet. Hovudregelen ved normering av stadnamn er som nemnt ovanfor å ta utgangspunkt i den nedervde, lokale uttalen, og å normera etter gjeldande rettskrivingsprinsipp i norsk. Når tydinga er kjend, skal skrivemåten fylgja gjeldande rettskriving, medan skrivemåten skal fylgja gjeldande *rettskrivingsprinsipp* når tydinga av ein namnelekk ikkje er kjend, jf. § 1 i forskrift om stadnamn.

I dette namnet er det uvisst kva som er tydinga av førelekken. I Norsk Ordbok er ordet *kung* m. oppført i tydinga 'vill merian, bergmynte; Origanum vulgare' frå Hardanger, Balestrand og Aurland, og det var den tydinga som vart lagd til grunn i den fyrste handsaminga av denne namnesaka. Eit anna likelydande ord *kung* m. er ført opp i Norsk Ordbok med tydinga 'merkestein på eng og i skogsmark', notert frå Valdres. Ordet *kong* (òg skrive kaun) m. står i same ordbok med tydinga 'byll, svull; kveise', men det fører Ivar Aasen opp med open o-uttale i Norsk Ordbog, noko som gjer at ordet er lite aktuelt som tyding av *Kungvika/Kongvika*. Ivar Aasen har ført opp ordet *konge* med oppslagsforma *Kong* (oo) og merknaden «Mest alm. i en avvigende Form: *Konge* (*Koongje*); sjeldnere: *Kong*, el. *Kung*, men i Sammensætning oftest «*Kongs*».

Ut frå dette kan både *kung* i tydingane 'bergmynte' og 'merkestein, grensestein' vera moglege tolkingar av namnet, og det same kan dialektforma *kung* for *konge* vera. Den linne hankjønnsforma /kónje/ med -e, som Språkrådet har fått opplyst lokalt, er eit argument imot ei slik tolking, det same er samansetningsmåten *Kongs-* i *Kongsåsen*, som dei nemner i tilrådinga, jf. òg samansetningsmåten *Konge-* i *Kongegranane* på Bjørøyna (sjå Hordanamn). Men ulik samansetningsmåte kan òg potensielt vera eit teikn på ulik alder på dei ulike namna, der samansetningsmåten kan ha vore ulik på ulike språksteg i målføret då namna vart tekne i bruk. Stomnsamansetning er vanlegare i gamle namn, so viss namnet *Kungvika/Kongvika* har ordet *kong(e)* i førelekken, er det i tilfelle eit teikn på høg alder på dette namnet.

Reint lydleg er det rein, kort o (ó) i førelekken i *Kongvika/Kungvika*, men i norsk er det ofte slik at vokalane får meir open uttale når vokalen er kort, slik at u føre ng ofte vert til ù (ó), t.d. *ung* og *tung*, og det er det som ser ut til å vera tilfellet i dette namnet. Tilsvarende får o føre ng ofte å-uttale, jf. ord som *tong* («tang») og *konge*. Isolert sett tilseier dette ut frå norske rettskrivingsprinsipp skrivemåten *Kung-* i vårt namn. Eit problem her er likevel at ved leseuttale fungerer ikkje denne regelen alltid i ord som ikkje er velkjende og innarbeidde frå før, slik at *Kung-* lett kan verta lese som /kún-/ med rein (spiss) u, om lag som i svensk *kung* eller som i *kung fu*. Allereie Aasen landa på skrivemåten *kong* med o då han fastsette den fyrste nynorsken, sjølv om han uttrykkjeleg markerte at det her var vanleg med trong o-uttale, noko som kunne tilsagt *kung*. Noko av grunnen var truleg at gamalnorsk *konungr* hadde o i fyrste stavinga.

I samsvar med den vanlege skriftforma *konge* i norsk rettskriving, har dei fleste stadnamn med denne namnelekken i dag *Kong-* som skrivemåte i norsk. I namnet *Kongvika/Kungvika* er det vanskeleg ut frå norsk rettskriving å vareta den rette munnlege vokalnyansen gjennom skrift, same om ein vel o eller u som skrivemåte. Når det då er sterke lokale ynske om skrivemåten *Kong-* med o, og det opphavlege meiningsinnhaldet er usikkert i dette namnet, er det rom for å lata dei lokale ynska om skrivemåten *Kong-* verta avgjerande i denne saka, slik Språkrådet òg tilrår.

Kongvika vert fastsett som skrivemåte i samsvar med lokale ynske og Språkrådet si tilråding, jf. § 4 i lov om stadnamn.

Kunngjering

Kommunen skal syta for at vedtaket vert gjort kjent for dei partane i kommunen som har klagerett etter § 12 fyrste ledd i lova, og som ikkje er adressatar i dette brevet. Jf. § 9 i forskrift om stadnamn.

Bruken av vedtekne skrivemåtar

Me vil minna om reglane i stadnamnlova om plikt til å bruka vedtekne skrivemåtar, jf. § 11, særskilt fyrste setning, som har denne ordlyden: «Når skrivemåten av eit stadnamn er fastsett etter denne lova og ført inn i stadnamnregisteret, skal han brukast av eige tiltak av dei som er nemnde i § 1 tredje ledd». Det vil seia organ for stat, fylkeskommune og kommune og selskap som det offentlege eig fullt ut.

Me presiserer at lov om stadnamn regulerer *offentleg* bruk av stadnamn. Privatpersonar og bedrifter som ikkje er heileigde av det offentlege, er difor ikkje pålagde å fylgja vedtekne skrivemåtar.

Når det same namnet er brukt om ulike namneobjekt på same staden, skal skrivemåten i primærfunksjonen som hovudregel vera retningsgjevande for skrivemåten i dei andre funksjonane. Dersom dette vedtaket vert ståande utan at det vert påklaga, legg me difor til grunn at kommunen vedtek same skrivemåten i ev. adressenamn og adressesettilleggsnamn der namnet vert nytta.

Når det er gjort vedtak om adressenamn, adressesettilleggsnamn og krinsnamn (grunn-, val-, skulekrins og kyrkjesokn), skal den vedtekne skrivemåten leggjast inn i matrikkelen, og adressenamn i SSR vert oppdaterte frå matrikkelen. Vedtak om adressenamn skal framleis sendast til m.a. Kartverket, jf. § 9 fjerde ledd i forskrift om stadnamn.

Kartverket fører den vedtekne skrivemåten av bruksnamn i SSR, og skrivemåten vert henta inn i matrikkelen derifrå.

Klage

Vedtaket om skrivemåten kan etter § 12 i lov om stadnamn påklagast av dei som etter § 6 bokstav a til c har rett til å ta opp saker om skrivemåten av stadnamn. Klagefristen er tre veker frå meldinga om vedtaket er komen fram til mottakaren, jf. § 9 i forskrift om stadnamn. Dersom meldinga skjer med offentlig kunngjering, tek klagefristen til frå den dagen vedtaket vert kunngjort fyrste gongen. Dei som har klagerett, har rett til å sjå saksdokumenta, som er arkiverte hjå vedtaksorganet. Det er høve til å søkja om utsett iverksetjing av vedtaket til klagefristen er ute eller klaga er avgjort.

Ei eventuell klage skal sendast til Kartverket med kopi til kommunen. Klaga skal grunngjevast, og grunngjevinga må omtala alle namn eller namneledd klaga gjeld.

Når ein tek opp ei klagesak, gjeld dei same sakshandsamingsreglane som for namnesaker elles. Dersom vedtaket vert oppretthalde, sender Kartverket saka vidare til Klagenemnda for stadnamnsaker for endeleg avgjerd.

Med venleg helsing

Anne Lien
fylkeskartsjef

Erlend Trones
stadnamnansvarleg

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar.

Kopi SPRÅKRÅDET

Lenker:

[Lov om stadnamn](#)

[Forskrift om stadnamn](#)

[Utfyllande reglar om skrivemåten av norske stadnamn](#)